

VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 23/06927-89

15.09.2025

Ark.: 326.12

Oppstart av namnesak 2025/181 – Ævongsmyri og Vesthaddin mfl. i Vinje kommune

I samband med adressering i Vinje kommune har Språkrådet teke opp namnesak for fleire stadnamn, jf. brev datert 27.05.2025. Vinje kommune har bede Språkrådet om tilråding for tre aktuelle adressenamn, blant anna Ævongsli og Vesthaddin, jf. brev datert 09.05.2025.

Kartverket nyttar samstundes høvet til å ta opp namnesak for namnet på grenda der vegane som skal namngjevast ligg, da grenda har fleira namn i Sentralt stadnamnregister (SSR) , og det avleia namnet på eit høl har fleire skrivemåtar.

Sjå meir informasjon i namnelista nedanfor. Saka vert teken opp for å få avklart rett skrivemåte for offentleg bruk, samt rett namnebruk.

Statens kartverk sender med dette saka på lokal høyring i kommunen, jf. § 8 i lov om stadnamn.

Namn, eventuelt med alternative skrivemåtar	Type stad	Skrivemåtar i offentleg bruk. Merknadar
Ævongsmyri Ævungsmyri Ævangsmyri Ævongsmyre Ævungsmyre Ævangsmyre Sjå òg bruk 137/3 nedanfor.	Myr	Ævongsmyri på økonomisk kartverk frå 1968. Språkrådet viser til at namnet er ført opp med uttaleforma «æ`vónsmyre» i Heradsregisteret, og at vi her finn både Ævongsmyre og Ævangsmyri som oppslagsformer.

Ævungsmyri	Eksisterande adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.	
Ævongsli Sjå òg myra ovanfor.	Bruk 137/3.	<i>Evangslid</i> i dagens matrikkel og gammel grunnbok. <i>Evongslid</i> i matrikkelutkastet 1950.
Ævongsli Sjå òg bruk 137/3.	Føreslege adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.	
Vesthaddin Vesthaddine Vesthallin Vesthalline	Typen stad må avklarast nærare under høyringa.	Stadnamnet er i dag ikkje registrert i SSR. Ifølgje kommunen sitt brev til Språkrådet er namnet Vesthaddin i dag nytta om eit hytteområde. Gjeld dette eit kommunalt hyttefelt, eller eit terrengområde (til dømes skogområde eller dalføre)? Kommunen er vedtaksorgan for namn på hyttefelt, medan Kartverket fastset skrivemåten av naturnamn.
Haddeland Haddland Haddelandsgrend Haddlandsgrend	Grend. Kommunen er vedtaksorgan.	<i>Haddeland</i> på Norge 1:50 000 frå 1952 og 1970 mfl. <i>Haddlandsgrend</i> på økonomisk kartverk frå 1968. Grendenamnet er det opphavslege namneobjektet (primærnamnet), jf. lov om stadnamn § 4 tredje ledd. Kommunen må gjere vedtak om grendenamnet før Kartverket gjer vedtak om Haddelandshylen/Haddlandshylen. Hadd(e)land og Hadd(e)landsgrend er ulike stadnamn (og altså ikkje ulike skrivemåtar av det same stadnamnet). Kommunen må fastsette <i>ein</i> skrivemåte for namnet Haddeland/Haddland og <i>ein</i> skrivemåte for namnet Haddelandsgrend/Haddlandsgrend. Dei må òg vurdere kva for status dei

		ulike namna skal ha (hovudnamn, undernamn, sidenamn, eller eventuelt historisk namn, om eit av namna ikkje er nytta i dag). Dette avgjer korleis namna kjem fram i kart. Les meir om namnestatus i vår handbok for namnebehandling kap. 7.2.
Haddlandsvegen	Eksisterande adressenamn. Kommunen er vedtaksorgan.	
Haddelandshylen Haddlandshylen	Høl	<i>Haddlandshylen</i> på økonomisk kartverk frå 1968. <i>Haddelandshylen</i> på Norge 1:50 000 frå 1984.

For fleire opplysningar om namna, sjå innsynsløysinga vår for SSR: www.norgeskart.no/ssr/. Somme bruksnamn står berre i matrikkelen og kan søkjast opp i <https://eiendomsregisteret.kartverket.no>
Søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen.

Lokal høyring

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn og bruksnamn. Før me gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om bruksnamn, og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknytning til. **Saker som gjeld bruksnamn, skal eigarane få tilsende direkte frå kommunen.** Det går fram av lista ovanfor kva for eit bruk dette gjeld.

Etter lova skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor bed me om at alle som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed me om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

Normeringsprinsipp

I tillegg til å ta utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen, skal ein som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ved normering av stadnamn, jf. § 4 fyrste ledd i lov om stadnamn. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet. I *utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn* er det meir detaljerte føresegner om korleis stadnamn skal normerast.

Skrivemåten av primærnamnet vil normalt vera retningsgjevande for skrivemåten av det same namnet i andre funksjonar, t.d. for adressenamn som er like eller avleidde av namnet, jf. § 4 tredje

ledd i lova. Kommunen må difor setja på vent eventuelt pågåande saker som gjeld adressenamn og adressetilleggsnamn, der dei same namna inngår, til det er gjort vedtak om skrivemåten av primærnamnet. Kommunen må ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av primærnamnet når dei skal gjera vedtak.

Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

Vidare saksgang

Kommunen har ansvaret for å kunngjera at namnesaka er reist, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine. Kommunen har òg ansvaret for å henta inn og samordna dei lokale høyringssvara. Dei skal sendast til *Språkrådet, Postboks 1573 Vika, 0118 Oslo (post@sprakradet.no)*, med kopi til Kartverket. Språkrådet vil så gje endeleg tilråding til Kartverket. Kvar av partane (inkl. kommunen) har to månader på seg til å gje høyringssvar, frå dei mottek brevet.

For opplysningar om saksgang, kontakt Kartverket på telefon 32 11 80 00. For namnefaglege spørsmål, kontakt Språkrådet på telefon 22 54 19 50.

Venleg helsing

Helge Dønvold
seksjonssjef

Christian Mathiesen
saksbehandlar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)
[Forskrift om stadnamn](#)
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)
[Handbok for namnebehandling](#)

Kopi til: Språkrådet